Norsk Kulturarv

Årsmelding 2018

BYEN KUNNSKAP OPPLEVINGAR MENNESKET KYSTEN INNLANDET INSPIRASJON IDENTITET

2018 DET EUROPEISKE ÅRET FOR KULTURARV #EuropeForCulture

THE BEST IN HERITAGE
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK

Femundhytten

Framside: Tone Jorunn Tveito ber til bords. Foto: Ola H Fjeldheim, Fortidsminneforeningen

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

Stiftelsen Norsk Kulturarv jubilerar

25 år med vern gjennom bruk og opne dører til kulturarven

I samband med 25-års-jubileet vårt i år, inviterar vi til feiring på Gards-Øy i Vågå.
Programleiar: **Jorun Vang**, NRK Hedmark og Oppland.

PROGRAM

Onsdag 30. mai – «Vorspiel» med folkemusikk-pub i fjøset på Gards-Øy. *Samarbeid med Vågå Spel-og dansarlag*

Torsdag 31. mai – Fagseminar på Gards-Øy-låven

09.00 Kaffe og fersk gjærbakst frå bakaren i Lom
10.00 Velkomne til Gards-Øy v/**Edel Aas**, vertinne på garden
Velkomne til Vågå v/ordførar **Iselin Vistekleiven**
Velkomne til oss v/styreleiar **Kirsti Kolle Grøndahl**
10.30 *Kulturarv – verdiskaping, samfunnsnytte og tilrettelegging for næringsutvikling* – **Marit Huuse**, assisterande riksantikvar
11.00 Påtår på kaffe`n
11.30 *Et land verd å besøke, betydningen av mat og drikkekultur for turismen i Norge* – Dr.agric. **Einar Risvik**, seniorforskar NOFIMA
12.15 Dialog sal – scene: **Einar Risvik**
13.00 LUNSJ i regi av Norsk Smaksskule
13.45 *Kulturarv som ressurs – vern gjennom bruk – verdiskaping og lokalsamfunns-utvikling* – **Atle Hamar**, statssekretær Klima- og miljødepartementet
14.15 *25 år med vern gjennom bruk og opne dører til kulturarven* – **Øystein Rudi**, Olavsrose-staden Rudi Gard
Å bygge et reisemål gjennom utvikling, bevaring og historieformidling – **Mikael Forselius**, administrerende direktør Britannia Hotel Trondheim
Kulturarven i reiselivet – **Hilde Charlotte Solheim**, styreleder Destinasjon Røros. Medlem av styrene i Reisemål Hardangerfjord og Hardangervidda Natursenter
Kvalitetssikring for økt lønnsomhet i reiselivet – **Nils Henrik Geitle**, administrerende direktør De Historiske Hotel & Spisesteder
15.45 Dialog sal – scene: **Øystein, Mikael, Hilde Charlotte** og **Nils Henrik**
16.30 Avslutning – Norsk Kultuarvs jubileumsgåve til landets unge
17.00–18.00 Stiftelsen Norsk Kulturarvs Årsmøte
Befaring på **Haugøy** v/**Odd Kåre Haugøy** og **Edel Aas** for dei som ikkje deltek i årsmøtet
20.00 Aperitiff og festkveld med grilling av vilt. Underhaldning og sosialt samvær

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Vital og framsynt jubilant

Norsk Kulturarv sitt slagord «Vern gjennom bruk» har vorte ein viktig del av kulturminnepolitikken, sa statssekretær i Klima- og miljødepartementet, Atle Hamar, under Norsk Kulturarv sitt 25-års jubileum.

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Naturleg nok var feiringa lagt til Vågå der jubilanten har sitt utspring og daglege virke. Nærare sagt mellomaldergarden Gards-Øy som med fordums prakt skapte ei verdig ramme. Eit jubileum som slett ikkje bar preg av pomp og prakt, men av innhald og tankar om framtida. Og nettopp denne seriøsiteten er mest truleg grunnen til at Norsk Kulturarv har vorte ein viktig aktør i det norske samfunnet. Ein organisasjon som blir lytta til og som slett ikkje kviler på sine laurbær.

Den yngre garde

Sjølv om folkemusikk-pub og festkveld også var ein del av programmet, tok eit innhaldsrikt og målretta fagseminar det meste av tida. Ekstra gledeleg at jubilanten også tek dei yngre på alvor. Eitt døme på framsyn er ei digital læringsplattform for å engasjere barn og unge i høve til kulturarven. Norsk Smaksskule er eit anna prosjekt der målet er å betre kosthaldet og dermed helsa til komande slekter. «Rydd eit kulturminne» er eit tredje tiltak som også er retta mot barn og ungdom.

Gjev perspektiv

Under seminaret kom det fram at folk si haldning til kulturminne har endra seg mykje i løpet av 25 år. Det vil seie at stadig fleire ser verdien av kulturarven vår. Ikkje berre fordi den representerer det gamle og historiske, men også fordi den kan bety verdiskaping og næringsutvikling. Og deltakarane la ikkje skjul på at Norsk Kulturarv har spelt og framleis spelar ei viktig rolle i så måte. Noko kvalitetsmerket Olavsrosa er eit synleg prov på. Assisterande riksantikvar Marit Huuse samanlikna Norsk Kulturarv med ein tenketank og meinte at kulturminne er god økonomi for samfunnet vårt. Forutan rosande omtale av grunnleggjaren Christian Sulheim, retta Huuse stor takk til styreleiar Kirsti Kolle Grøndahl for hennar arbeid for dei små og verneverdige handverksfaga.

Ein annan som kjenner jubilanten godt, er seniorforskar Einar Risvik.

Norsk Kulturarv gjev oss perspektiv på dagen i dag og syter for at vi ikkje blir historielause, sa Risvik.

Hjerleid og bygningsvern

Norsk Kulturarv fortener også ros for at dei satsar på Hjerleid skule- og handverksenter. Ein tradisjonsrik stad som tidlegare riksantikvar, Jørn Holme, også sette høgt. Ekstra nøgd var han då Hjerleid fekk landsdekkjande tilbod innan Overflateteknikk og Byggteknikk.

-Ei særs god nyheit for bygningsvernet. Hjerleid som fekk riksantikvaren sin kulturminnepris i 2014, er ein flott utdanningsinstitusjon, sa riksantikvar Holme den gongen. Ein annan med sterke band til Hjerleid på Dovre, er Jon Bojer Godal, som er Kommandør av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for sin innsats for tradisjonshandverket.

- Gratulerer Hjerleid og gratulerer Noreg. Dette er noko av det beste som har hent oss på lenge, sa Jon Bojer Godal då Utdanningsdirektoratet gav klarsignal for dei nye tilboda.

Ein kan difor trygt hevde at Norsk Kulturarv har utretta mykje på relativt kort tid. Og dersom styresmaktene meiner alvor med sin visjon om ei grøn og berekraftig utvikling, treng vi Norsk Kulturarv meir enn nokon gong i åra som kjem.

Ove Kirkestuen
Lærar ved Nord-Gudbrandsdal vdg. skule avd. Hjerleid. Frilansjournalist.

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Smaken av tradisjon

Norsk Smaksskule er eit nasjonalt prosjekt i regi av Norsk Kulturarv. Ungane i Tytingen gards- og naturbarnehage i Vågå fekk vise kva dei hadde lært då dei serverte gjestane under jubileet.

Lydhør forsamling i fjøset på Gards-Øy. Foto: Ove Kirkestuen

Målet for Norsk Smaksskule er å auke kompetansen til lærarar i barnehage og skule slik at den yngre garde får prøve flest mogleg smakar. Noko som dannar grunnlaget for eit godt kosthald og dermed ei god helse. Styrar i Tytingen gards- og naturbarnehage, Evy Renate Kveen, fortel at dei har hatt stor nytte av Norsk Smaksskule.

Vi har vorte meir medvetne kor viktig det er å prøve ulike smakar i ung alder.

Dessutan bør ungane lære kvar maten kjem frå og korleis den blir til. Ikkje minst treng dei kunnskap om kor viktig naturen og landbruket er for oss, seier Kveen.

Limet i samfunnet

Einar Risvik som har hatt professorat i måltidsforsking, har ansvaret for den teoretiske delen av opplæringa.

– Mat er den viktigaste delen av vår kulturarv, fordi den er limet i samfunnet. Dessverre har den vore lågt prioritert lenge, noko vi ser på helsa vår. Kosthaldet er nemleg ein komponent i dei fleste sjukdomar. Difor må vi ta maten og tradisjonane tilbake. Norsk Kulturarv er ein god avsendar av denne bodskapen utan å vere moralistisk. Men maten må vere god og den må byggje på vår historie, meiner Risvik.

To karar som båe arbeider for Norsk Smaksskule: Per Ivar Berget serverer lokal kjøtsuppe til Einar Risvik. - Norge er eitt av få europeiske land med mange matskattar som enno ikkje er oppdaga, seier Risvik.

Serverte lokalt brød under jubileet: - I barnehagen har vi mellom anna lage banankake, rømme og smør, kunne Isak Villa Brimi og Kaia Bakke Valde fortelje. Båe går i Tytingen gards- og naturbarnehage i Vågå.

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Statleg hyllest

Statssekretær i Klima – og miljødepartementet, Atle Hamar, var éin av mange som helsa jubilanten.
- Gratulerer med dagen og takk for den uvurderlege innsatsen Norsk Kulturarv gjer for å ta vare på kulturminna våre, sa Hamar under fagseminaret på Gards-Øy i Vågå.

Statssekretær i Klima - og miljødepartementet, Atle Hamar, gratulerer styreleiar i Norsk Kulturarv, Kirsti Kolle Grøndahl, med 25-års jubileet

Statssekretæren hylla Norsk Kulturarv for det store engasjement retta mot barn og unge.

– «Rydd eit kulturminne» er eit godt eksempel i så måte, sa statssekretæren som også nemnde kvalitetsmerket Olavsrosa som ein god rettleiar for dei som ferdast langs vegane våre. Ikkje minst «Ta eit tak»-aksjonen fekk rosande omtale frå statssekretæren.

Særpreg og eigenart

Atle Hamar sa at han ynskjer å bruke dei private eigarane av freda og verneverdige bygningar som medspelarar for å nå dei nasjonale måla på kulturminneområdet.

– Difor er det viktig at det offentlege syrgjer for gode rammevilkår. Kulturminna står for særpreg og eigenart som lokkar til seg turistar, og som difor er ei kjelde til verdiskaping. Klima- og miljødepartementet ynskjer at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø i større grad blir sett på som ressursar i samfunnsutviklinga. Difor er det viktig å auke medvitet i lokalsamfunna om verdiane som kulturarven representerer, sa Hamar som meiner at Norsk Kulturarv sin visjon «Vern gjennom bruk» har vorte ein viktig del av kulturminnepolitikken.

– Auka kunnskap om verdiskaping og vern gjennom bruk gjer det meir sannsynleg at kulturminna blir tekne vare på, meiner Hamar.

Kulturturisme

Statssekretæren sa også at det er viktig å fokusere på miljø, kultur og sosial verdiskaping. Difor er regjeringa opptekten av å sikre gode ordningar som oppmuntrar til godt vedlikehald av freda og verneverdige kulturminne.

– Kulturminna har både ein eigenverdi og ein verdi for folket gjennom unike kulturhistoriske opplevingar. Regjeringa vil leggje til rette for at reiselivet kan nytte seg av kulturminna, vel og merke på ein berekraftig måte. Noko som inneber at vi må utarbeide ein strategi for kulturturisme. Tal viser at 70 prosent av dei som besøker Noreg, ynskjer å oppleve historiske bygningar. Difor er det viktig å styre denne utviklinga og leggje til rette, men også avgrense for å unngå for høg slitasje, sa statssekretær Atle Hamar.

Kulturarven i reiselivet

Hilde Charlotte Solheim, styreleiar i Destinasjon Røros og styremedlem i Reisemål Hardangerfjord og Hardangervidda Natursenter meiner at det er mykje kraft i kulturarven. – Men mange turistar på kort tid er ikkje berekraftig. Sidan framtida er grøn og klimanøytral, må vi gå etter turistar som legg igjen minst mogleg avtrykk, sa Solheim

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Kulturarv og verdiskaping

Flere analyser viser at kulturminner er god samfunnsøkonomi, sa assisterende riksantikvar Marit Huuse under Norsk Kulturarv sitt jubileum.

I følge Huuse skaper kulturminner tusenvis av arbeidsplasser og utgjør 2% av inntektene i fastlandsøkonomien. I mange lokalsamfunn er kulturminner og kulturmiljø hjørnesteinsbedrifter.

Trio som koste seg under Norsk Kulturarv sitt jubileum: Fra v. assisterende riksantikvar Marit Huuse, direktør i Norsk Kulturarv, Erik Lillebråten og styreleder i Norsk Kulturarv, Kirsti Kolle Grøndahl. Kulturminner er god samfunnsøkonomi, sa Huuse som roste jubilanten Norsk Kulturarv.

Kulturminner som levebrød

Derfor er det viktig at vi ikke raserer livsgrunnlaget for disse bedriftene, men tar vare på denne ressursen og videreforedler den slik at flere kan oppleve og leve av kulturminnene, sa Huuse under sitt foredrag på Gards-Øy.

Hun nevnte Reins Kloster som eksempel på vern gjennom bruk med sin produksjon av øl og iskrem. Altså en verdiskaping ut over de mer tradisjonelle aktivitetene overnatting og omvisninger.

Dette ønsker vi mer av, sa den assisterende riksantikvaren, som også roste Norsk Kulturarv og grunnlegger Christian Sulheim.

Stor innsats

Huuse sammenlignet Norsk Kulturarv med en tenketank, og nevnte «Ta i et tak» og «Rydd deg et kulturminne» som gode eksempler på kulturminnevern. Ikke minst roste hun styreleder Kirsti Kolle Grøndahl for hennes innsats for de små og verneverdige fagene.

– Kolle Grøndahl har gjort en enorm innsats for hele kulturminnefeltet. Hun når frem til nøkkelpersoner og evner å se det store bildet. Vi håper derfor at hun ikke gir seg med det første, sa Huuse, som også roste Hjerleid på Dovre som har fått Riksantikvarens kulturminnepris.

Norsk Kulturarv med digital lærdom

EU sitt år for kulturarv 2018 har som mål at flest mogleg skal utforske, verdsette og reflektere over ein rik og mangfaldig kulturarv. Norsk Kulturarv tok utfordringa og arbeider med ei nettbasert digital læringsplattform.

Skattejakt i kulturarven

Norsk Kulturarv har eit stort tilfang av spanande stoff, kulturminne og læringsoppgåver. Men dei manglar den digitale læringsarenaen som gjer det mogleg å engasjere og mobilisere barn og unge. Difor har dei innsett at læringa og informasjonen må vere digital og interaktiv. I samband med utviklinga av det digitale læringsverktyet, fekk Norsk Kulturarv overrekt ei støtte på 656 250 kroner frå Sparebankstiftelsen DNB under jubileet.

Mottok Norsk Kulturarvs jubileumsgåve til alle landets skular. Frå venstre: Kirsti Kolle Grøndahl, Hallgrim Strass, Idun Strass, Emilie Kveen og Erik Lillebråten. Bak: Arne Grindstuen, Sparebankstiftelsen DNB

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Å bygge et reisemål

Britannia Hotel i Trondheim slik det vil fremstå under åpningen 1. april 2019. Foto: Lånt ut av Britannia Hotel

Jakta på opplevingar

– Dei nye turistane i Norge vil oppleve noko ekstra og dei er viljuge til å betale prisen, sa Nils Henrik Geitle, administrerande direktør for De Historiske Hotel & Spisesteder.

I fylgje Geitle er det jakta på opplevingar som styrer valet av ferie for desse turistane, og ikkje landet i seg sjøl.

– Dei kjem frå heile verda, men vi må marknadsføre oss på den rette måten. Eitt døme er Nordljoset som trekkjer folk frå heile verda. Men vi må formidle at denne opplevinga kan du også få andre stadar i landet, - ikkje berre i Nord-Norge. Dessutan må vi hugse at vår historie er vår framtid og at kulinarisk turisme blir stadig viktigare. Dess betre maten er, dess lengre blir matelskarane. Men samarbeid mellom turist-bedriftene må liggje i botn. Det er den viktigaste nøkkelen til suksess, sa Geitle.

Jakta på opplevingar styrer valet av ferie for dei nye turistane i Norge. Mellom anna blir kulinarisk turisme stadig meir populært, sa administrerande direktør for De Historiske Hotel & Spisesteder, Nils Henrik Geitle.

Mikael Forselius, administrerende direktør ved Britannia Hotel, Trondheim, vil gjøre hotellet sitt til en destinasjon. Ved å satse på blant annet historiske menyer, det vil si tradisjons-mat fra Trøndelag, skal hotellet bli selve målet med turen.
– Vi ønsker å gjenfortelle Britannia Hotels historie helt tilbake til 1920-tallet og gjøre det til trøndernes storstue. Derfor satser vi på et lavterskel-tilbud, sa Forselius i sitt foredrag.

Britannia Hotel i Trondheim i gamle dager. Foto: Lånt ut av Britannia Hotel

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Rektor ved Handverksskolen på Dovre, Helle Hundevadt t.h. overrakte styreleder i Norsk Kulturarv, Kirsti Kolle Grøndahl, kortreiste produkt som takk for jubilantens ekte interesse for det som skjer ved Hjerleid skole- og håndverkssenter.

Rektor ved Handverksskolen på Dovre, Helle Hundevadt, hyllet Norsk Kulturarv for at de når ut til et stadig breiere lag av folket. – «Rydd et kulturminne» hvor tusenvis av skolebarn blir engasjert i kulturarven vår, er et perfekt eksempel i så måte, sa Hundevadt.

Takknemlig gratulant

Én av mange som gratulerte Norsk Kulturarv med jubileet, var rektor ved Handverksskolen på Dovre, Helle Hundevadt. Skolen er en del av Hjerleid skole- og håndverkssenter som i sin tur er én av Norsk Kulturarvs fagavdelinger.

– Vi på Hjerleid er svært glade for Norsk Kulturarv sitt engasjement for rekruttering av nye håndverkere. I følge Kulturminnefondet dør det i våre dager flere håndverkere enn det utdannes nye. Men dette prøver vi å rette på med god hjelp av våre engasjerte eiere, Norsk Kulturarv og Studieforbundet kultur og tradisjon, sa Hundevadt som mener at Norsk Kulturarv blir en stadig viktigere aktør.

– Mye takket være deres aksjoner når de ut til folk flest. «Rydd et kulturminne» hvor tusenvis av skolebarn får engasjere seg i kulturarven vår, er et perfekt eksempel i så måte. Siden den yngre garde skal føre arven videre, er de den viktigste målgruppen for kulturminnevernet, mener Hundevadt, som også nevner «Ta et tak»-aksjonen som inspirerer stadig flere til å ta vare på sine gamle hus.

Hundevadt takket også Norsk Kulturarvs direktør Erik Lillebråten og styreleder Kirsti Kolle Grøndahl for deres ekte interesse for det som skjer på Hjerleid.

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Rudi Gard

Ein eksponent for levande kultur

Bonden, spelemannen og kulturverten Øystein Rudi frå Sør-Fron hadde også ordet under Norsk Kulturarv sitt jubileum. -Vår visjon er å bidra til at Gudbrandsdalen blir betre og meir interessant for oss som bur her, for hyttefolk og tilreisande. Song, musikk, humor og glede er ein viktig del av opplevinga, sa Øystein Rudi som driv Rudi Gard saman med kona Nina.

Ein stad der gardsdrift går hand i hand med store og små kulturarrangement og samankomstar for bedrifter og vennelag. Dessutan bur det fire generasjonar på garden der alle tek del i arbeidet. Og når det kjem folk til gards, har dei ein stab på om lag 40 personar som trør til. I samband med større arrangement deltek også lag og foreiningar.

Som ein framifrå eksponent for aktiv formidling av kulturopplevingar og levande kulturarv, er Rudi Gard tildelt Norsk Kulturarv sitt kvalitetsmerke, Olavsrosa. I grunngjevinga for tildelinga står det mellom anna: – Gjennom respekt for gamle tradisjonar, vilje og evne til å aktualisere historia i nåtida, synleggjer Rudi Gard visjonen til Norsk Kulturarv: «Vern gjennom bruk».

Prematur med pustevanskar

Under sitt innlegg sa Rudi at eit solid og langsiktig kommersielt grunnlag er ein føresetnad for varig bruk, god drift og ei sunn utvikling. Men han la ikkje skjul på at det finst utfordringar.

– Det er fenomenalt at «vern gjennom bruk» nå er anerkjent som den aller beste vernestrategien. For istandsetjing og fysiske tiltak finst det både økonomiske verkemiddel og fagleg kunnskap, sjølv om etterslepet er stort og behovet langt større enn tilgangen, sa Rudi.

Når ein kjem til bruk, det vil seie drift, er det i fylgje Rudi ein lengre veg å gå. Rammevilkåra for konkurransedyktige attraksjonar med kulturarven som utgangspunkt, beskreiv han som prematur med pustevanskar.

– Som privat aktør er det ei stor utfordring å konkurrere med dei som er tungt finansierte av det offentlege. Dessutan spelar kultur og kulturarv i den lågaste divisjonen når ressursar blir fordelte, meiner Rudi.

Særpreg

Men trass utfordringar vil mange hevde at konseptet til ekteparet Rudi har vore ein suksess sidan «Låvende saker» såg dagens ljos for 19 år sidan. Noko 40 på lønningslista, vel 10 000 årlege gjestar og ein drøss med prisar og påskjønningar tyder på. Øystein Rudi fortel at målet alltid har vore å skape ein møteplass og eit produkt med særpreg. Viktige ingrediensar har alltid vore:

- Til å stole på.
- Samarbeid, også med konkurrentar.
- Ta vel imot gjestane.
- Ikkje minst: Ein god meny for både kropp og sjel.

Eigenart, song, musikk, humor og glede er ein viktig del av opplevinga. Ikkje minst er det ein føresetnad at bygdefolket er med på laget, sa Øystein Rudi som saman med kona Nina driv Rudi Gard i Sør-Fron.

Eigenart og kvalitet

Øystein Rudi understrekar også kor viktig det er at drifta er forankra lokalt. At bygdefolket er med på laget.

–Det er ein føresetnad for å kunne skape eit godt produkt. Det er ei stor glede når ein høyrer at det du bidreg med, er viktig for oss som bur her. Noko vi får best til ved å vere oss sjøl, seier Rudi.

Til slutt snakka han om framtida og korleis skape opplevingar for oss som har alt.

– Eigenart og særpreg vil alltid vere ein føresetnad. Det same gjeld eit godt samarbeid mellom det offentlege og private. Ikkje minst vil kvalitet vere viktigare enn pris. Ein viktig hugseregel er at sjølv om eigen suksess kan smake godt, er heller ikkje andre si lykke å forakte, sa bonden, spelemannen og verten på Rudi Gard.

Norsk Kulturarv
25 år 1993–2018

25 ÅR MED VERN GJENNOM BRUK OG OPNE DØRER TIL KULTURARVEN

Årsmøte 2018

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre i jubileumsåret: Fremst frå v. Randi Bårtvedt, Hilde Grytting (vara) og Hanne K. Jakhelln. Bak frå v. Øystein Rudi, Steinar Sørli, Bjørn Ølander (nestleiar), Kirsti Kolle Grøndahl (styreleiar) og Dag Terje Klarp Solvang (vara).

Stiftelsen Norsk Kulturarvs (SNK) årsmøte vart avhalde i samband med jubileums-markeringa i Vågå.

Årsregnskap og årsmelding for 2017 vart lagt fram, og sitjande tillitsvalgte som var på valg vart gjenvalgt for eit nytt år.

SNKs styre består med dette av:

Faste styremedlemmar

Kirsti Kolle Grøndahl – leiar
Bjørn Ølander – nestleiar
Øystein Rudi
Hanne Kristin Jakhelln
Randi Bårtvedt
Steinar Sørlie

Varamedlemmar

1. Hilde Grytting
2. Dag Terje Klarp Solvang

Jens Peter Ringstad, Fagrådet
Tor Valdvik, ansattes representant

UTTALE FRÅ NORSK KULTURARVS ÅRSMØTE I VÅGÅ 31. MAI 2018

Eiendomsskatt på verna og freda kulturminne

Eigarane av freda og verneverdige kulturminne tek på seg eit stort ansvar på vegne av og oppdrag frå fellesskapet.

Riksantikvaren har i mange år oppmoda kommunar i heile landet til å ikkje eigedomsskattleggje freda hus. Det er imidlertid ikkje forankra i noko lovverk.

Såkalla verneverdige bygningar, utan formelle vernevedtak hamnar ofte i ei gråsone i desse debattane. Det blir opplevd som urettferdig at alder på huset blir lagt til grunn, då alder på huset ikkje naudsynt vis er nokor god rettesnor. I delar av Nord-Norge representerer gjenreisningshusa etter krigen ein viktig del av vår nasjonale historie. I innlandet kan vi finne laftahus datert mange hundre år attende, medan ein langs kysten har færre så gamle hus av naturlege, klimatiske årsaker.

Norsk Kulturarv har ikkje noko meining om det generelle eigedomsskattnivået i Norge, men vi finn det rimleg at eigarar av freda og verneverdige kulturminne får lette i eigedomsskatten.

Norsk Kulturarv registrerer at regjeringserklæringa til Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre slår fast at partia ønskjer å styrkje kulturminnevernet i kommunane og fylkeskommunane. På vegne av eigarar av freda og verna kulturminne i Norge, ber vi derfor om at eigedomsskattlegging av freda og verneverdige hus blir lagt om.

Framlegg:

1. Alle freda kulturminne må automatisk få fritak for eigedomsskatt.
2. Kulturminne som blir vurderte til å ha ein slik verneverdi at dei blir trekte inn i kommunen sin kulturminneplan, blir friteke frå krav om eigedomsskatt.

Uttalen er senda til regjeringa, samt til dei berørte departementa ved dei respektive statsrådane (Klima- og miljødepartementet, Kulturdepartementet, Finansdepartementet) og til alle politiske parti på Stortinget.

Kopi av uttale er senda Riksantikvaren, Fortidsminneforeningen, Norsk Kulturminnefond, Kulturvernforbundet og til pressa.

Årsmelding 2018

1. Bakgrunn

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskytarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor.

Norsk Kulturarv hadde ved utgangen av 2018 1122 enkeltmedlemmer og 257 næringsmedlemmer. 84 kommunar pluss to regionråd har samarbeidsavtale. Region Hadeland med 3 kommunar og Setesdal Regionråd med 4.

134 bedrifter er pr. dags dato tildelt kvalitetsmerket Olavsrosa.

2. Visjon

Norsk Kulturarvs visjon er

Vern gjennom bruk

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarvverdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premiss for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

3. Formål

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk.

Norsk Kulturarv og er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdiar som **inspirasjon, kunnskap** og **identitet**.

Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, Olavsrosa, prosjekt og spesielle produkt.

4. SNKs Strategiplan 2017-20

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre vedtok ein ny strategiplan gjeldande fram til og med 2020.

Visjonen vår – Vern gjennom bruk – er uendra, og det å sikre vår felles kulturarv er formulert som stiftelsens formål.

Hovedmålsettingar:

- Norsk Kulturarv skal ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne
- Norsk Kulturarv skal arbeide for og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven
- Norsk Kulturarv skal gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde
- Norsk kulturarv skal i alt sitt virke arbeida for å skapa inspirasjon, engasjement og auka kunnskap om kulturarv hjå barn og unge.

Siste kulepunkt er nytt, og lagt til i stiftelsens strategiplan av styret i 2018.

Arbeidsområda:

- Ivaretaking av kulturarven og verdiskaping.
- Kommunikasjon- og profileringsarbeid – Synleggjering av innsatsen vår.
- Politisk påvirkningsarbeid.
- Nettverksbygging.
- Immateriell kulturarv.
- Berekraftig økonomi for organisasjonen.
- Kompetanse.

Strategiplanen dannar grunnlaget for årlege, konkrete handlingsplaner.

5. Styret si årsmelding for 2018

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre har i meldingsåret hatt 6 styremøte derav eitt på telefon, og har behandla 60 saker. Styret har i meldingsåret bestått av:

Styremedlemmer

- Kirsti Kolle Grøndahl – leiar
- Bjørn Ølander – nestleiar
- Hanne Kristin Jakhelln
- Randi Bårtvedt
- Øystein Rudi
- Steinar Sørli
- Tor Valdvik

Vara
- Hilde Grytting
- Dag Terje Klarp Solvang

Tiltredande til styret:
- Jens Peter Ringstad, Fagrådet

Andre tillitsvalde i Norsk Kulturarv:

Valgkomité
- Ole Tvete Muriteigen – leiar
- Kirsti Indreeide
- Erling Lae

Norsk Kulturarvs Fagråd
- Jens Peter Ringstad – leiar
- Bjørg Aaseng Vole til 29.11.18
- Marianne Stensgård frå 29.11.18
- Eir Ragna Grytli
- Arnstein Brekke

Stiftelsen er også morselskap med 100 % eigarskap i Senter for bygdekultur AS og 67 % av aksjane i Handverksskolen AS. Studieforbundet kultur og tradisjon eig dei andre 33 % av aksjane i Handverksskolen AS.

Styreleiar har fast godtgjersle, resten av styret har møtegodtgjersle for frammøte.

6. Administrasjonen

Administrasjonen i Norsk Kulturarv har i meldingsåret hatt kontor i Edvard Storms veg 26 (den gamle prestgarden Ullinsvin) i sentrum av Vågåmo.

I tillegg har Norsk Smaksskule hatt kontor på «Sentralen» i Oslo.

Ved årsskiftet bestod administrasjonen av følgjande:
- Erik Lillebråten, Direktør
- Randi Anita Skogum, Organisasjons-medarbeidar
- Tor Valdvik, Prosjektleiar Norsk Smaksskule
- Per Ivar Berget, Kjøkenfagleg medarbeidar i Norsk Smaksskule

Dette representerer ved årsslutt 4,0 årsverk, der 2,0 av desse er tilknytta Norsk Smaksskule.

7. Årsmøtet 2018

Norsk Kulturarv sitt årsmøte vart halde i Vågå torsdag den 31. mai, der også stiftelsens 25-års-jubileum vart markert (sjå reportasjane og programmet fremst i årsmeldinga).

Årsmøtet vedtok uttale angåande eiendomsskatt på verna og freda kulturminne.

Årsmøtet var ope for alle samarbeidskommunar, enkelt-, bedrifts- og næringsmedlemmer.

8. Økonomi

Regnskapet for 2018 syner eit overskott på NOK 29 914, og ein total der vi nærmar oss NOK 11 mill i «omsetning».

Vi hadde ein del ekstra kostnadar i samband med jubileet. Profilering- og reklamekostnad utgjer en del, saman med nettokostnaden for sjølve jubileumsarrangementet i Vågå i mai.

Dette var budsjettert til ca NOK 150 000. Ei rame vi heldt oss innanfor.

Regnskapspostane når det gjeld magasinet Kulturarven er ein del høgare enn året før. 2017 hadde kun 2 utgjevingar, noko som gjer at både produksjon og distribusjon i 2018 blir vesentleg høgare. Jubileumsmagasinet i mai og julemagaisnet vart på mange sider. Det fordyra ein del, både produksjon, trykking og distribusjon.

Det er og viktig å ta med seg at regnskapspostane for kjøp av stoff til magasinet Kulturarven inneheld ein svært stor del av kjøpt stoff til 2019-utgåvene.

Så er det heller ikkje slik at Norsk Kulturarv skal presetere store overskot år etter år. Vi skal disponere ressursane våre på beste måte sett i forhald til det formålet stiftelsen har.

Styret meiner at den framlagde resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gir tilfredsstillande informasjon om drifta i Stiftelsen Norsk Kulturarv pr. 31.12.2018.

Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad av at det er grunnlag for framleis drift.

Sum bunden eigenkapital (stiftelseskapital og innskoten, registrert stiftelseskapital) er på kr 1 550 000,-.

Inntektene består av tilskott frå KLD (Klima- og miljødepartementet), LMD (Landbruks- og matdepartementet), ulike former for prosjektstøtte og kontingentar. Vi vil halde fram med arbeidet for å få påreknelege rammer frå det offentlege og inngå nye, langsiktige samarbeidsavtaler med kommunar og private selskap.

Samarbeidsavtalen med Opplysningsvesenets Fond er reforhandla, og det er inngått avtale med Fagbevegelsen.

Grunnstøtta frå Klima- og miljødepartementet var i
2015: kr 1 140 700
2016: kr 1 116 600
2017: kr 1 150 000
2018: kr 1 150 000

9. Likestilling og arbeidsmiljø

Styret består av 3 kvinner og 3 menn, administrasjonen av 1 kvinne og 1 mann, pluss 2 menn knytta til Norsk Smaksskule.

Arbeidsmiljøet i Norsk Kulturarv er godt.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

10. Styret si vurdering for det vidare arbeidet

Norge har ein stor ressurs i vår kulturarv. Vi meiner at vi best tar vare på kulturarven når den er i aktiv bruk og når den får nye bruksmåtar, tilpassa vår tid.

Norsk Kulturarv skal stå fram som ein profilert aktør i forvaltninga av aktivt miljø- og kulturvern. Norsk Kulturarv skal stå i fremste rekkje når det gjeld informasjon, haldningsskapande arbeid, rådgiving og deltaking i ulike forum der næringsutvikling basert på ulike kulturminne er tema.

Det må utviklast eit betre samarbeid mellom organisasjonane som arbeider for kulturarv, bygdeturisme og matkultur til beste for næringsutøvarar og samfunn.

For å vidareutvikle reiselivet i Norge er det viktig å bruke kulturarven vår, med norsk mat og norske mattradisjonar, og å vidareutvikle kulturlandskapet.

Styret meiner det er godt grunnlag for vidare drift.

11. Utoverretta verksemd

Enkeltpersonar, lag/organisasjonar og kommunar/fylkeskommunar kan vera medlemmer i Stiftelsen Norsk Kulturarv.

«Rydd eit kulturminne»

Ryddeaksjonen har som mål å bevare kulturminne, men samtidig skapar aksjonen mykje aktivitet rundt kulturminnet. I tillegg til at deltakarane lærer om kulturminnevern i praksis, får dei også mange andre viktige verdiar med på vegen.

Fyrste ryddeaksjonen til Norsk Kulturarv vart arrangert i år 2000. Frå før hadde vi god erfaring med aksjonen «ta eit tak».

Med «Rydd eit kulturminne» blir barn og unge engasjert til å ta del i lokalt kulturminnevern.

Aksjonen skapar ein unik arena der barn og unge blir kjende med kulturarven sin, samtidig som dei aktivt tek del i bevaring og formidling av kulturarven. Takka vera samarbeidspartnarar – både finansielle og andre – kan denne aksjonen bli arrangert. I fyrste rekkje som bidragsytarar står Sparebankstiftelsen DNB og Riksantikvaren. Tildelte midler blir brukte til stipend og premiering.

I 2018 hadde vi 99 søkarar som fekk pengar for ryddejobben sin.

I tillegg løyvde Riksantikvaren NOK 100 000,- til 10 premiar til utvalgte prosjekt. Dei utvalgte vart;

1. Røyrvik Oppvekstsenter. Nord-Trøndelag. Prosjekt Kaukartangen
2. Småjobber EB. Rogaland. Har restaurert et måkehus
3. Manndalen skole. Troms Prosjekt Lovtat (rydding og merking av evakueringshuler fra 2. verdenskrig) og Cellallu (rydding av sti til evakueringshuler)
4. Seter barne og ungdomsksole, Trøndelag. Gravrøys fra før vikingtida (600-800 e kristus)
5. Smestad skole, Oppland. Helleristninger
6. Kringsjå skole, ryddet skyttergraver fra 2.verdenskrig
7. Holla 10-årige skole. Telemark. 300 timer, ryddet rundt gammel gård
8. Fjære ungdomsskole. Aust-Agder. 140 timer. Jobbet med bygartner. Kvartærgeologi. Vernet område
9. Fauskanger barne- og ungdomsskole. Hordaland. Skole fra 1874. Brukt 130 timer
10. Rødberg skole. Buskerud. Fauskodammen, tømmerkistedam

Vi har restmidler til aksjonen som er overført til 2019.

